



ER DU VÅR NYE PASTOR?

VOLDA FRIKYRKJE SØKER ETTER
PASTOR I 60-80% STILLING

Vi søker etter pastor som er glad i menneske, som evner å bygge relasjonar og som ikkje er redd for å tenke nytt.

NØKKELOPPGÅVER:

- Leie utviklinga av kyrkjelyden
- Forkynne og vere med å forme gudstenestelivet
- Ha eit spesielt fokus på barn, unge og familiar
- Utruste leiarar og følgje opp frivillige

ØNSKA KVALIFIKASJONAR:

- Relevant utdanning på universitet- eller høgskulenivå, eller relevant erfaring
- Evne til å arbeide både sjølvstendig og i team
- Kunne formidle livsnær tru gjennom liv og forkynning
- Engasjement for unge si tru.

Personleg utrustning og gode samarbeidsevner vert vektlagt.

Om to søkarar ynskjer å dele på stillinga, er vi opne for det.

Den tilsette vil ha anledning til å kunne påverke både arbeid-soppgåver og satsingsområde. Stillingsinstruksen vil bli utforma i samarbeid med den som vert tilsett.

Pastor er forplikta til å lære og leve i samsvar med Guds ord og den Evangelisk Lutherske bekjennelse.

Løn og pensjon etter Frikyrkja sitt avtaleverk.

Den Evangelisk Lutherske Frikirke (Frikyrkja) vart grunnlagt i 1877 og er eit kyrkjesamfunn med omlag 21 500 medlemmer fordelt på 79 kyrkjelydar over heile landet. Volda Frikyrkje er ein relativt ung kyrkjelyd stifta i 1991 og har omlag 130 medlemmar i alle aldrar. Vi bygde ny og flott kyrkjesal i 2011 med plass til godt over 200 personar. Kyrkjelyden er velsigna med mange frivillige som bidreg til eit høgt aktivitetsnivå mellom anna innan barne- og ungdomsarbeid og på gudstenestene.

Volda er ei triveleg studiebygd med eit rikt kulturliv, omkransa av flott natur og høge fjell.

Har du lyst å vite meir om kyrkjelyden eller treng meir informasjon, ta kontakt med leiar i eldsterådet Kjell Petter Wiik på tlf. 901 77 297.

Søknad med CV og referansar kan sendast til:

kontor.volda@frikyrkja.no

Søknadsfrist: 31. desember.